

# Haugesunds Avis

Forsiden / Økonomi / Trør til i shipping

## Trør til i shipping

**Brødrene Klovning Shipping tør endeleg satsa. Reiarlaget i Haugesund trør like godt til med to nybygg.**

Tekst: [Arne Frøkedal](#) Foto: [Per Egil Larsen](#)



Det er to kjemikalieskip til ein verdi på rundt 230 millionar kroner som reiarlaget nå har bestilt. Kontraheringa er gjort på vegner av det nystifta

kommandittselskapet BKR Tankers KS.

- Marknaden er nå så interessant at tida for satsing er tilstades. Vår analyse viser auka etterspørsel etter nye mindre kjemikalieskip og eit fornying av den aldrende flåten, seier dagleg leiar Einar Seeberg i reiarlaget.

Brødrene Klovning Shipping har levd eit anonym tilvære ved sida av dei store og ekspansive reiarlaga på Haugalandet. Førre nybygg i flåten kom for nesten 25 år sidan. I dag driv reiarlaget med berre to skip; ein kjemikalietankar og ein produkttankar.

### Vil ekspandera

Dei nye prosjekta har skapt optimisme på rederikontoret i Sjøfartsbygget, og ei betre stemning enn på lenge. I fjor stod utflagging, opplag og sal av eitt skip på agendaen.

Skipsmeklar Frank Hendrikse i R.G. Hagland, ein av eigarane i Klovning, karakteriserer shippingmarknaden som historisk god, med optimisme i heile fraktsegmentet.

Difor har reiarlaget også sikra seg ein opsjon på ytterlegare to identiske nybygg.

- Denne må me ta stilling til i løpet av eit halvt år. Me er i tillegg på jakt etter brukt tonnasje, uttaler administrasjonssjef Axel L. Horn i Klovning Shipping.

Reiarlaget demonstrerer med dette ambisjonar om å bygga seg gradvis opp og få ein flåte med mindre kjemikalieskip.

### Europeisk fart

Dei to nybygga er på rundt 4.000 dødvekttonn (dwt) og skal byggast ved det nederlandske verftet Volharding Shipyard B.V. Det første skal leverast i juni 2006, og det andre i slutten av året.

Skipa skal byggast med rustfrie lastetankar, dobbelt skrog og med isklasse i Det norske Veritas. Dei vil gå inn i lange fraktkontraktar i europeisk fart gjennom eit samarbeid med Wonsild Tankers i København, som er ein av dei leiande operatørane av kjemikalieskip i Europa.

Brødrene Klovning Shipping har utvikla prosjektet i nært samarbeid med skipsmeklarfirmaet R. G. Hagland, medan Hagland Finans har tilrettelagt investeringa. Brødrene Klovning samarbeider med lokale og internasjonale investorar i finansieringa av nybygga.

### Få nordmenn



Optimisme: Einar Seeberg (t.v.) og Axel L. Horn i Brødrene Klovning Shipping satsar tungt på nye kjemikalieskip. (Per Egil Larsen)

Skipa får etter planen norsk flagg (NIS) og skal bemannast med 36 sjøfolk, fire av desse norske offiserar.

- Me ynskje i utgangspunktet endå fleire nordmenn om bord, men dette er avhengig av politiske signal. Med nettolønnsordning slik konkurrentane har, kan me tredobla talet på norske sjøfolk, seier Einar Seeberg.

arne.frokedal@haugesunds-avis.no

Einar Seeberg, Brødrene Klovning Shipping

Optimisme: Einar Seeberg (t.v.) og Axel L. Horn i Brødrene Klovning Shipping satsar tungt på nye kjemikalieskip.

Nye skip: Slik blir dei to nybygga som Haugesundsrederiet nå har bestilt. Ytterlegare to kontraheringar kan koma. Illustrasjon: Volharding Shipyard

🕒 Publisert: 04.02 07:00



Ok, vi aner ikke hva du tenker på nå,  
men lurer du på å kjøpe bolig bør du snakke med oss.

**Send HAUGESUND til 2111 eller gå innom Postbanken i Haraldsgt. 90.**  
Du kan også gå innom Posten.

Postbanken - en del av DnB NOR Bank ASA

